



Samnanger kommune

## Søknad om redusert foreldrebetaling i barnehage og/eller gratis kjernetid for 2-, 3-, 4- og 5-åringar i barnehage

Familiar/husstandar har rett til ikkje å betala meir enn 6 prosent av inntekta si for ein barnehageplass. Dersom husstanden si totale inntekt er lågare enn 548 500 kroner pr. år, er det aktuelt å søkja om redusert foreldrebetaling.

Det vart i 2016 innført ordning med opptil 20 timars gratis kjernetid i barnehage for 3-, 4- og 5 åringar i familiar/ husstandar med låg inntekt. Frå 1. august 2019 vert ordninga utvida til også å gjelda for 2-åringar. Dersom husstanden si totale inntekt er lågare enn 548 500 kroner, er det aktuelt å søkja om gratis kjernetid.

Skattemelding må leggjast ved søknaden. Sjå baksida av søknadsskjemaet for meir informasjon.

<b>SØKNADEN GJELD (sett 1 eller 2 kryss):</b>	<input type="checkbox"/> Redusert betaling	<input type="checkbox"/> Gratis kjernetid
---	--	---

### OPPLYSNINGAR OM BARNET / BARNA SØKNADEN GJELD

Barnet sitt namn (førenamn og etternamn)	Fødselsdato (dd.mm.åååå)	Namnet på barnehagen barnet går i	Tal timar i barnehagen pr. veke

### OPPLYSNINGAR OM SØKJAR / FAKTURAMOTTAKAR

Namn (førenamn og etternamn):		
Adresse (gateadresse, postnummer og poststad):		
Sum skattepliktig personinntekt frå siste skattemelding (sjølvmelding) - sjå forklaring på side 2 i dette skjemaet:		
Sum skattepliktig kapitalinntekt frå siste skattemelding (sjølvmelding) - sjå forklaring på side 2 i dette skjemaet:		
Eventuell skattepliktig kapital- og personinntekt som ikkje står i skattemeldinga (sjølvmeldinga):		
Har inntekta endra seg vesentleg og varig sidan siste skattemelding (sjølvmelding)? (Svar JA eller NEI i feltet til høgre og skriv forklaring i feltet "Eventuelle presiseringar til søknaden"):		
Dersom inntekta har endra seg vesentleg og varig, oppgje ny inntekt pr. år:	Personinntekt:	
	Kapitalinntekt:	

### OPPLYSNINGAR OM ANDRE PERSONAR I HUSSTANDEN SOM ER OVER 18 ÅR

(ektefelle, registrert partner eller sambuar)

Namn (førenamn og etternamn):		
Sum skattepliktig personinntekt frå siste skattemelding (sjølvmelding) - sjå forklaring på side 2 i dette skjemaet:		
Sum skattepliktig kapitalinntekt frå siste skattemelding (sjølvmelding) - sjå forklaring på side 2 i dette skjemaet:		
Eventuell skattepliktig kapital- og personinntekt som ikkje står i skattemeldinga (sjølvmeldinga):		
Har inntekta endra seg vesentleg og varig sidan siste skattemelding/sjølvmelding? (Svar JA eller NEI i feltet til høgre og skriv forklaring i feltet "Eventuelle presiseringar til søknaden"):		
Dersom inntekta har endra seg vesentleg og varig, oppgje ny inntekt pr. år:	Personinntekt:	
	Kapitalinntekt:	

### EVENTUELLE PRESISERINGAR TIL SØKNADEN

--

### UNDERSKRIFTER

(søknaden må underskrivast av søkjaren og eventuell ektefelle, registrert partner eller sambuar som er over 18 år)

Dato: \_\_\_\_\_

Signatur frå alle i husstanden over 18 år: \_\_\_\_\_

**UTFYLT SØKNAD SKAL SENDAST TIL:**  
NAV Samnanger, Tyssevegen 217, 5650 Tysse

**FRIST FOR INNSENDING AV SØKNAD:**  
Den 10. i månaden.

# INFORMASJON

## Redusert foreldrebetaling i barnehage

Familiar/husstandar har rett til ikkje å betala meir enn seks prosent av inntekta si for ein barnehageplass. Maksimalprisen for ein barnehageplass er i 2019 på 2 990 kroner pr. måned i perioden januar – juli, og 3.040 kroner pr. måned i perioden august – desember.

Ordninga med redusert foreldrebetaling i barnehage er søknadsbasert. Det vil seia at familien/husstanden må søkja om redusert foreldrebetaling. Dette er ikkje noko ein får automatisk. Om husstanden si totale inntekt er lågare enn 548 500 kroner pr. år, så er det aktuelt å søkja om redusert foreldrebetaling. Det må søkjast på nytt for kvart barnehageår.

## Gratis kjernetid i barnehage for 2, 3-, 4- og 5-åringar

Familiar/husstandar med låg inntekt har rett til opptil 20 timars gratis opphaldstid i barnehage pr. veke for 2-, 3-, 4- og 5-åringar og for barn med utsett skulestart. Ordninga gjeld familiar/husstandar som har ei total inntekt pr. år på mindre enn 548 500 kroner.

Ordninga med gratis kjernetid i barnehage er søknadsbasert. Det vil seia at familien/husstanden må søkja om gratis kjernetid. Dette er ikkje noko ein får automatisk. Om husstanden si totale inntekt er lågare enn 548 500 kroner pr. år, så er det aktuelt å søkje om gratis kjernetid. Det må søkjast på nytt for kvart barnehageår.

## Kva meinest med ”husstanden”?

Med i husstanden reknast ektefeller, registrerte partnerar og sambuarar. Som sambuarar reknast to ugifte personar over 18 år som bur saman, og som har budd saman i eit ekteskapsliknande forhold i minst 12 av dei siste 18 månadane eller har felles barn. Bur eit barn fast hos begge foreldra (delt bustad), skal foreldrebetalinga reknast ut frå inntekta i husstanden der barnet er folkeregistrert.

## Kva slags dokumentasjon må følgja søknaden?

Nyaste skattemelding (sjølvmelding) skal leggjast ved søknaden som dokumentasjon. Skattemeldinga vil normalt innehalda dei fleste skattepliktige kapital- og personinntekter. Dersom det er skattepliktig kapital- eller personinntekt som ikkje er registrert på skattemeldinga av skattepliktig person – eller kapitalinntekt, er søkjar pliktig til å opplysa om dette på søknadskjemaet.

Søkjar kan i tillegg leggja fram annan dokumentasjon på inntekt dersom inntekta har endra seg vesentleg og varig sidan siste skattemelding. Det er ikkje nødvendig å leggja ved dokumentasjon på inntekter utbetalt frå NAV. Om det er tvil om inntektsituasjonen, så kan NAV innhenta ytterlegare opplysningar frå søkjar.

## Kvar finn du informasjon om skattepliktig inntekt?

Informasjon om skattepliktig inntekt finn du i skattemeldinga di:

- Informasjon om **skattepliktig personinntekt** finn du i post 2.1, 2.2, 2.6 og 2.7 i skattemeldinga. For å rekna ut den skattepliktige personinntekta di, må du summere inntektene som er oppført i post 2.1, 2.2, 2.6 og 2.7. Mange skattytarar har ikkje alle desse postane med i skattemeldinga si. I så fall må ein summere inntektene på dei av desse postane (2.1, 2.2, 2.6, 2.7) som faktisk er med i skattemeldinga.
- Informasjon om **skattepliktig kapitalinntekt** finn du i post 2.8 og 3.1 i skattemeldinga. For å rekna ut den skattepliktige kapitalinntekta di, må du summere inntektene som er oppført i post 2.8 og 3.1. Mange skattytarar har ikkje begge desse postane med i skattemeldinga si. I så fall tek ein berre med inntekta på den posten (2.8 eller 3.1) som faktisk er med i skattemeldinga.

## Søknadsfrist

Søknadsfrist for begge ordningane er den 10. i kvar måned. Dersom søknaden vert innvilga, vil ordninga gjelda frå den påfølgjande månaden.

## Kommunen har ansvaret for ordninga

Det er kommunen som barnehageansvarleg som skal oppfylle foreldra sin rett til reduksjon i foreldrebetalinga og/eller gratis kjernetid, men begge ordningane gjeld for barn både i kommunale og ikkje-kommunale barnehagar. I Samnanger kommune er det NAV Samnanger som handsamar søknadane.

Spørsmål kan rettast til NAV Samnanger ved Lisbeth Aadland - tlf. 55 55 33 33